



ÅRSMELDING 2023

VESTLAND ARBEIDARPARTI

16. og 17.mars 2024 på Terminus Hotel i Bergen

Innhold

| | |
|--|----------------------------------|
| ÅRSMØTET 2023..... | 3 |
| KVINNENETTVERKET..... | 4 |
| INTERNASJONALT UTVAL | 5 |
| SAMARBEIDSKOMITEEN/FAGLEG-POLITISK SAMARBEID..... | 6 |
| LANDBRUKSUTVAL | 7 |
| KOMMUNEPARTILEIARAR I ÅRSMØTEPERIODEN..... | 8 |
| ÆRESMEDLEMMER:..... | 10 |
| ADMINISTRASJON, IT-utvikling og HMS..... | 10 |
| STYREMØTER | 10 |
| STORTINGSGRUPPA..... | 11 |
| ORGANISASJON, KURS og OPPLÆRING..... | 13 |
| SLUTTORD..... | Feil! Bokmerke er ikke definert. |
| Vedlegg 1 Fylkestingsgruppa..... | 15 |
| Vedlegg 2 Årsberetning AUF 2023..... | 18 |

ÅRSMØTET 2023

Kommunepartia har 150 delegatar til årsmøte, AUF har i tillegg ni delegatar.

Årsmøte var 18 og 19.mars 2023 på Terminus Hotel i Bergen

Gjest på årsmøte var statsminister og partileiar Jonas Gahr Støre.

Styret i 2023 har vore:

| | |
|---------------------------|--------------------------------|
| Leiar | Marte Mjøs Persen, Bergen |
| Nestleiar | Helge Robert Midtbø, Sunnfjord |
| Nestleiar | Torgeir Toppe, Bergen |
| Medlemsansvarleg | Marianne Bjørøy, Øygarden |
| Leiar av Kvinnenettverket | Siri Sandvik, Stad |
| Styremedlem | Linn Therese Erve, Sveio |
| Styremedlem | Christian Sønstlien, Årdal |
| Styremedlem | Anne Kristin Førde, Bremanger |
| Styremedlem | Benjamin Jakobsen, Askøy |
| 1. varamedlem | Odd Atle Stegegjerdet, Luster |
| 2. varamedlem | Lisa Johnsen Lunde, Vaksdal |
| 3. varamedlem | Amina Amin, Bergen |
| 4. varamedlem | Emil Tomasdard, Ullensvang |

REPRENTASJON

Samarbeidskomiteen LO/AP
i Vestland:

Marte Mjøs Persen
Torbjørn Vereide
Marianne Bjørøy
Christian Sønstlien
Nina Haug/Frida Hegrenes Selvik
Stig Morten Frøiland

Kvinnenettverket:

Siri Sandvik

Studieutval/medlemsutval

Marianne Bjørøy

Sentralstyret:

Marte Mjøs Persen

Landsstyret:

Torgeir Toppe
 Vara: Benjamin Jakobsen
 Marianne Bjørøy
 Vara: Linn Therese Erve
 Helge Robert Midtbø
 Vara: Christian Sønstlien
 Siri Sandvik
 Vara: Anne Kristin Førde

Stortinget og regjering:

Marte Mjøs Persen
 Torbjørn Vereide
 Odd Harald Hovland
 Eigil Knutsen
 Linda Merkesdal
 Lubna Jaffery

KVINNENETTVERKET:

Styringsgruppa i Kvinnenettverket har vore samansett av: Siri Sandvik (leiar), Helena Haldorsen, Marita Harkestad Oen, Marie Helene Hollevik Brandsdal, Anne Julie Hetland og Kirsten Hebnes.

Kvinnenettverket har hovudsakleg hatt treffpunkt på Teams også dette året. Dette gjeld temamøter for alle kvinnelege medlemer. 15 og 16 april 2023 hadde vi fysisk Kvinnesamling i Bergen. God påmelding og deltaking, med mange spennande innleiarar, lokale og sentrale. Det vart for andre gong arrangert «Vorspiel» til fylkesårsmøtet 2023, noko som vi no er einige om vil bli ein tradisjon.

Alle kvinnelege medlemer skal vere inviterte til Kvinnenettverket via sine lokale kvinnekontakter. Opplegget med digitale temamøter viser seg å vere eit vellukka konsept. Flinke innleiarar og god deltaking, og mange som tek ordet. Vi når også ut til ein del som elles ikkje ville kunne delta på partimøter. I eit fylke med store avstandar, er dette noko vi kjem til å halde fram med, også postpandemi.

På Arbeiderpartiet sitt Landsmøte våren 2023 vart det gjort ei vedtektsendring, der Kvinnenettverket får sjølvstendig forslagsrett til årsmøtet.



INTERNASJONALT UTVAL

Internasjonalt utvalg ble satt ned av fylkesstyret i 3.august 2023. Utvalget består av følgende medlemmer: Oscar Bergheim, Camilla Landro, Benjamin Jakobsen (leder), Henrik Nordahl, Inger Christin Hystad Barane, Dag Arne Farestveit. På grunn av valgkampen kom ikke utvalget i gang med sitt arbeid før i oktober. Utvalget hadde sitt første møte søndag 15.oktober. Her ble det lagt planer for aktivitet frem til jul. Utvalget planla et møte med utenriksminister Espen Barth Eide, som ble utsatt i siste liten som følge av situasjonen på Gaza. Møtet ble flyttet til april 2024. Utvalget begynte arbeide med forslag til årsmøtet som ble sendt via lokallagene. Benjamin Jakobsen ble valgt inn i internasjonalt utvalg sentralt, og har deltatt på ett møte. Utvalget har lagt flere planer for aktivitet i 2024 og ser frem til arbeidet med å løfte internasjonal- og forsvarspolitikk høyere på dagsorden i Vestland Arbeiderparti.

SAMARBEIDSKOMITEEN/FAGLEG-POLITISK SAMARBEID

Det har vore god kontakt mellom partiet og fagrørsla i perioden. Samarbeidskomiteen har hatt 7 møter i perioden, og handsama 36 saker. Det var skifte av leiing etter årsmøte i VAP. LO overtok leiinga etter Ap. Leiar av komiteen har vore Mads Wiik Kleven frå Felles forbundet (LO). Sekretær for komiteen har vore regionnestleiar i LO Vestland, Nils Petter Støyva.

Saker

Under følgjer ei opplisting av nokre av sakene som har vore behandla i komiteen:

- Energiprisar og mangel på energi
- Det grøne skiftet og grøn region Vestland
- Planlegging, gjennomføring og evaluering av den fagleg-politiske konferansen
- Orientering om valkamplannerne til organisasjonane som er med i samarbeidskomiteen
- Valkampopning 12.08 og planlagde valkampaktivitetar
- Arbeid i valkamputvalet til Vestland Ap
- Samling/konferanse for faglege kandidatar som har kome inni kommunestyre, bystyre og fylkesting
- Utbetaling av sjukeløn og behandlingstid i NAV når bedriftene er usamde i sjukemeldinga og arbeidstakaren klager til NAV
- Innhold og oppfølging av politiske samarbeidsavtalar etter valet
- Fylkeskommunale budsjettkutt overfor Fagskulen i Vestland
- Obligatorisk tenestepensjon må vere ein del av arbeidsavtala
- Pensjon på anbod i fylkeskommunen og kommunane i Vestland
- NAV og underkjennung av sjukmeldingar
- Evaluering av valet og valkampen

I desember hadde samarbeidskomiteen ei halvdags samling med ei grundig evaluering av valet og valkampen. Med på samlinga var partisekretær Kjersti Stenseng og leiar for samfunnskontakt og strategiske arbeid i LO, Andre Nerheim. Evalueringa enda opp ei liste med forbetringspunkt til seinare val og valkampar. Det vil også bli utarbeidd ein eigen tiltaksplan for samarbeidskomiteen.

Fagleg-politisk konferanse

Komiteen gjennomførte den årlege fagleg-politisk konferansen 02. - 03.06 på Scandic Hotell, Voss. Vel 70 deltakarar vart med på konferansen. Det var jamn fordeling mellom deltakarar frå parti og fagrørsle. Temaene dag ein var val og valkamp. På dag to var det fokus på næringspolitikk, arbeidslivspolitikk og det grøne skiftet. Det var innleiarar frå Regjering, Storting, Arbeidarpartiet, LO, forbunda og fylkeskommunen. Møteleiarar var Tommy Aarethun og Eva Synnøve Hagewick Steigen.

Medlemmar i samarbeidskomiteen

Marte Mjøs Person

Torbjørn Vereide

Marianne Bjørøy

Christian Sønstlien

Nina Haug/Frida Hegrenes Selvik

Stig Morten Frøiland

Nils Petter Støyva

Espen Berntsen

Ørjan Myrmel

Mads Wiik Kleven

Emilie Braaten Mjøs/Miriam Sorø Jordal

LANDBRUKSUTVAL

Landbruksutvalet i Vestland Arbeidarparti har hatt 5 møter i perioden, og handsama 12 saker. Leiar av Landbruksutvalet har vor Nils Petter Støyva, mens Ove Farsund har vore sekretær i utvalet. Landbruksutvalet er eit utval som ligg under styret til Vestland Arbeidarparti. Dei viktigaste sakene i utvalet har vore uttale om jordbruksforhandlingane og innspel til totalberedskapskommisjonen.

Innspel til jordbruksforhandlingane.

Åreleg vert det gjennomført forhandlingar mellom bondelaget/småbrukarlaged og Staten. Føremålet er m.a. å sikra bøndene ei føreseieleg inntektsutvikling på linje med andre yrkesutøvarar i Norge. I hovudsak vert det forhandla om prisuttak i markanden, stabile og føreseielege rammevilkår, samt statlege overføringer som vederlag for samfunnsgodane bøndene stiller til disposisjon for samfunnet. I tillegg har jordbruksforhandlingane dei siste åra handla om kulturlandskap, beredskap, tetting av inntektsgapet. Landbruksutvalet har i sitt innspel lagt særleg vekt på rammevilkåra og økonomien til vestlandsbonden. Utvalet har også vektlagt å følgje opp forpliktingane som ligg i Hurdals erklæringa til Regjeringa.

Uttale om totalberedskaps-kommisjonen sin rapport

I uttalen vart det lagt vekt på følgjande moment:

- halde oppe eit aktivt landbruk i heile landet
- gjennomføre ein risiko-, sårbarhets- og beredskapsanalyse av norsk matforsyning
- legge planar for auka sjølvforsyningsgraden basert på norske råvarer
- styrke lagerhaldet av matkorn utover den noverande nivået
- sikre nødvendige lagre av kritiske innsatsfaktorar til matproduksjon

Det har i 2023 vore arbeidd med å få til eit møte med Vestland Bondelag, som vart gjennomført i januar 2024. Andre aktuelle saker og rolla til landbruksutvalet har også stått på dagsorden.

Medlemmar i Landbruksutvalet

Leif Jarle Espedal, Fjaler Ap

Nils Petter Støyva, Stryn Ap

Knut Byrkjenes Hauso, Ullensvang Ap

Ove Farsund, Sunnfjord Ap

Karoline Finnøy, Stad Ap

Leif Erik Senneset, Bremanger Ap

Andreas Grumheden, Etne Ap

Sølvi Helland, Voss Ap

Therese Hilleren, Luster Ap

KOMMUNEPARTILEIARAR I ÅRSMØTEPERIODEN

| | | |
|----------------------|--------------|-----------------------------|
| Pål Adrian | Ryen | Alver Arbeiderparti |
| Henrik | Jorem | Arbeiderpartiet i Bergen |
| Astri | Landøy | Askvoll Arbeidarparti |
| Terje | Angelshaug | Askøy Arbeiderparti |
| Kjell | Bjørgum | Aurland Arbeiderparti |
| Jane Kirsti | Stangeland | Austevoll Arbeiderparti |
| Hardy | Pedersen | Austrheim Arbeidarparti |
| Henriette Madel Mori | Lien | Bjørnafjorden Arbeidarparti |
| Nils-Jørgen | Sagebø | Bremanger Arbeidarparti |
| Thomas | Liabø | Bømlo Arbeiderparti |
| Arild | Riber | Eidfjord Arbeidarparti |
| Siri | Klokkerstuen | Etne Arbeiderparti |
| Gidske | Kolltveit | Fedje Arbeiderparti |
| Angunn | Bårdsen | Fitjar Arbeiderparti |
| Aina Fristad | Naustdal | Fjaler Arbeiderparti |
| Sandra | Tenud | Gloppe Arbeiderparti |
| Jørgen | Virkesdal | Gulen Arbeidarparti |
| Jan Arvid | Støyya | Hyllestad Arbeidarparti |
| Kristin Sagerøy | Råsberg | Høyanger Arbeidarparti |
| Doris | Christensen | Kinn Arbeidarparti |
| Michael | Iversen | Kvam Arbeiderparti |
| Øyvind | Hardeland | Kvinnherad Arbeiderparti |
| Odd Atle | Stegegjerdet | Luster Arbeidarparti |
| Hallvard | Trohaug | Lærdal Arbeiderparti |
| Torill | Størkersen | Masfjorden Arbeiderparti |
| Håkon | Hevrøy | Osterøy Arbeiderparti |
| Shirin Kvernnes | Khadoor | Samnanger Arbeiderparti |
| Siv Laila | Eriksen | Sogndal Arbeidarparti |
| Tom | Færøy | Solund Arbeidarparti |
| Siri | Sandvik | Stad Arbeidarparti |
| Per Jarle | Valvatne | Stord Arbeidarparti |
| Anita Linda | Almskår | Stryn Arbeidarparti |
| Henrik | Nordal | Sunnfjord Arbeidarparti |
| Linn Therese | Erve | Sveio Arbeiderparti |
| Ingrid Tysnes | Stue | Tysnes Arbeiderparti |
| Trygve | Bolstad | Ullensvang Arbeidarparti |
| Hans Petter | Thorbjørnsen | Ulvik Arbeiderparti |
| Magne | Hestad | Vaksdal Arbeiderparti |
| Bjarne | Larsen | Vik Arbeidarparti |
| Karl | Knapskog | Voss Arbeiderparti |
| Ingvild | Skaar | Øygarden Arbeiderparti |
| Christian | Sønstlien | Årdal Arbeiderparti |

Medlemsutvikling i 2023

| | 2023 | 2022 |
|--------------------------|------|------|
| Alver | 195 | 210 |
| Arbeiderpartiet i Bergen | 1292 | 1334 |
| Askvoll | 31 | 29 |
| Askøy | 137 | 144 |
| Aurland | 60 | 50 |
| Austevoll | 43 | 50 |
| Austrheim | 62 | 59 |
| Bjørnafjorden | 169 | 171 |
| Bremanger | 58 | 56 |
| Bømlo | 85 | 91 |
| Eidfjord | 36 | 36 |
| Etne | 45 | 44 |
| Fedje | 34 | 26 |
| Fitjar | 31 | 29 |
| Fjaler | 41 | 47 |
| Gloppe | 32 | 31 |
| Gulen | 39 | 37 |
| Hyllestad | 30 | 22 |
| Høyanger | 103 | 118 |
| Kinn | 158 | 164 |
| Kvam | 91 | 94 |
| Kvinnherad | 93 | 98 |
| Luster | 206 | 209 |
| Lærdal | 74 | 62 |
| Masfjorden | 45 | 40 |
| Osterøy | 67 | 76 |
| Samnanger | 24 | 27 |
| Sogndal | 157 | 161 |
| Solund | 18 | 16 |
| Stad | 106 | 102 |
| Stord | 175 | 191 |
| Stryn | 64 | 57 |
| Sunnfjord | 212 | 217 |
| Sveio | 51 | 53 |
| Tysnes | 35 | 23 |
| Ullensvang | 169 | 172 |
| Ulvik | 31 | 32 |
| Vaksdal | 75 | 77 |
| Vestland direkte | 2 | 2 |
| Vik | 108 | 98 |

| | | |
|----------|------|------|
| Voss | 117 | 118 |
| Øygarden | 204 | 204 |
| Årdal | 244 | 251 |
| Total | 5049 | 5128 |

ÆRESMEDLEMMER:

Vigdis Ravnøy
 Malvin Møen
 Kåre Øvregard
 Knut Erdal
 Margot Henden
 Arne Jakobsen

ADMINISTRASJON, IT-utvikling og HMS

Det har vore fire stillingar ved partikontoret, to fylkessekretærar, ein organisasjonssekretærar og ein kontortilsett i 2023. Fylkessekretærane Stig Morten Frøiland og Monica Oppedal er tilsett i Arbeiderpartiet.

Kontorsekretær Elisabeth Refvik, organisasjonssekretær Håkon Kyrkjebø og organisasjonssekretær Arve Helle er tilsett i Vestland Arbeidarparti, Arve Helle har vore i permisjon.

Vestland Ap har kontorlokale i Førde og i Bergen.

Fylkestingsgruppa har tilgang til kontor i kontorfellesskapet.

Vi har faste kontormøte to gonger i veka, på Teams.

Dei tilsette på partikontoret deltek i eiga bedriftslegeordning gjennom Bergen Arbeidsmedisinske Senter. Det er ikkje registrert arbeidsulykker på kontoret. Sjukefråværet er lågt.

STYREMØTER

Styret har hatt 13 styremøte i 2023.

Dei har handsama 107 saker.

Det er styremøte siste søndag i månaden på Teams, dei månadane det ikkje er fysiske styremøte.

REPRESENTANTSKAP

Representantskapet er satt saman av 100 representantar. Vestland AUF skal ha 9 representantar etter innstilling frå AUF. Representantskapet vert fordele på kommunepartia i høve talet på medlemmer det er betalt kontingent for året før. Alle kommuneparti har rett til minst 1 utsending til representantskapet.

Styret i Vestland Arbeidarparti møter med tale-, forslags- og stemmerett.

Fylkestingsgruppa og stortingsrepresentantane tiltarer representantskapet. Møta er ope for medlemmer.

Vestland Arbeidarparti hadde eit representantskapsmøte i 2023. Det var i Bergen på Terminus Hotel 21.oktober.

Egil Knutsen hadde innleiing om statsbudsjettet til politisk debatt.

Fylkestingsgruppa presenterte hovudutvala, budsjettarbeidet og avtalen med samarbeidspartia.

Etter orienteringane vart det opna for spørsmål og innspel.

STORTINGSGRUPPA

Stortingsgruppa har denne samansetjinga:

Frå Hordaland valkrins:

- Marte Mjøs Persen var arbeid og inkluderingsminister fram til 16.10.2023. Ho gjekk då inn som medlem av Transport og kommunikasjonskomiteen og er leiar av Ap sin fraksjon i komiteen og medlem av gruppestyret.
- Odd Harald Hovland: Medlem i Justiskomiteen og nestleiar i Ap sin fraksjon i komiteen.
- Egil Knutsen: Leiar av Finanskomiteen og medlem av gruppestyret.
- Linda Merkesdal: Medlem av energi og miljøkomiteen
- Lubna Jaffery: Var første nestleiar av kontroll og konstitusjonskomiteen, og medlem av gruppestyret fram til 28.06.2023 då ho vart utnemnt til Kultur og likestillingsminister.

- Benjamin Jakobsen har møtt ved andre representantar sine permisjonsperiodar.

Frå Sogn og Fjordane valkrins:

- Torbjørn Vereide: Medlem av arbeids og sosialkomiteen

Me er to fylkesbenker i stortingsamanheng, men me fem som representerer Vestland har fungert saman med felles benkemøte, i utgangspunktet kvar onsdag ettermiddag, etter gruppemøte i stortingsgruppa. Fylkespartikontoret deltek digitalt på møta. Der planlegg og fordeler me så langt mogleg aktivitetar og møter. Me samordnar oss og drøftar aktuelle saker for fylket. I enkeltsaker har også andre delteke på møte, til dømes representantar frå fylkestingsgruppa.

Me deltek også aktivt på benkemøta som er i dei to fylka, det er for alle representantane frå Hordaland og Sogn og Fjordane på tvers av dei politiske partia, og det er ein gong i månaden. Det tek me i mot ulike interessegrupper, kommunar og liknande frå heimfylket. Me har også reiseaktivitet i regionane i fylket. Dei enkelte fraksjonane (partiet sine representantar i komiteane) har også noko reiseaktivitet i regionen vår.

Stortingsgruppa gjennomførte ordførar/gruppeleiarsamling i januar 2023.

Kommune og fylkestingsval

Valkamputvalet var satt saman av Stian Jean Opedal Davies, Nils Petter Støyva, Nina Haug, Emil Tomasdard, Siri Sandvik, Torbjørn Vereide, Marianne Bjorøy, Benjamin Jacobsen, og Linda Monsen Merkesdal. Tiltredande til utvalet var Arve Helle, Karianne Torvanger, Kine B. Dale, Stig Morten Frøiland, Monica Oppedal. Eva Synnøve Hagewick Steigen var valkampleiar. Valkamputvalet hadde sitt første møte 26. mars.

Fylkestingskandidatar vart invitert til felles toppskulering med ordførarkandidatar og kommunepartileiarar 22.-23. april. Det var ein god kickstart på den lange valkampen. Det blei også arrangert digitale skuleringar i valkampprogrammet med innlegg frå sittande fylkestingsgruppe.

I samband med valkampopning 12. august var det arrangert ein fysisk samling for Topp 20 på partikontoret og på Vestlandshuset. Valkampopninga var felles for Vestland Arbeidarparti, Arbeiderpartiet i Bergen og bydelslag i Bergen. Arrangementet var på Slettebakken skule. Det var appellar frå dåverande arbeids- og inkluderingsminister Marte Mjøs Persen, fylkesordførarkandidat, Stian Davies, og Bergens byrådsleiar, og byrådsleiarkandidat, Rune Bakervik. Om lag 400 personar deltok på arrangementet.

Vi hadde eit mål om å sikre minst 14 representantar i fylkestinget, å være fylkestingets største parti og sikre eit fortsatt raudgrønt fleirtal i Vestland. Valresultatet sikra oss 12 representantar, vi vart nest største parti og vi er framleis med i koalisjonen som styrer Vestland. Vår fylkesordførarkandidat, Stian Davies, er fylkesvaraordførar for Vestland. Alle som var aktivt med i valkampen var motiverte, glade og smilande til tross for at målingane var lave, stilte mange opp og gjorde jobben lokalt.

Resultatet for fylkestingsvalet vart 17, 8 %. Vestland Ap fekk 12 representantar. Vi fekk fylkesvaraordførar og tre representantar i FU, og ein utvalsleiar i Samferdsle.

Vi stilte med lister i 42 kommunar i Vestland og fekk ordførar i 15 kommunar.

I ettertid skulle ein ønskje at valkamputvalet blei satt ned tidlegare, og at arbeidet på den måten kunne ha starta tidlegare enn i månadsskiftet mars/april. I neste valkamp må vi ta forhandsrøysting meir på alvor og vite at vi har vært synlege lokalt og i fylket i dei årene som har gått frå dette valet.

ORGANISASJON, KURS og OPPLÆRING

Våren og sommaren 2023 var det skulering og samlingar med kandidatane i kommunane og kandidatane til fylkestingsvalet.

Etter valet har det vore regionvis skulering av dei nye kommunestyregruppene.

Vi har hatt faste møter med kommunepartileiarane kvar siste måndag i månaden, i valkampen var det møte kvar andre veke.

15 og 16 april hadde vi kvinnenettverksamling, det var god påmelding og gode innleiarar, med gode debattar. I tillegg arrangerer Kvinnenettverket tema-møter på Teams.

1.mai var markert i dei fleste kommunane og fleire plassar i lag med LO.

Tilhøvet og samarbeidet til fagrørla er godt og det er svært viktig i høve til arbeidet i organisasjon og i politiske organ.

Samarbeidet med AUF er godt og dei har representantar i ulike utval og nemnder.

Vestland Arbeidarparti hadde pr 31.12.2023 5049 medlemmer.

Det har vore viktig for medlemsansvarleg i Vestland Arbeiderparti at vi har tett og jevnlig kontakt med de medlemsansvarlege i kommunepartia/laga. Styret i parti/lag er alle ansvarleg for medlemspleie og kontakten med enkeltmedlemmar. Herunder kontingentrинг og ikkje minst ta kontakt med nye medlemmer. Vi er ein medlemsorganisasjon og vi skal ha som mål å vekse i kommunepartia. Då må vi verve og rekruttere.

Det har vore tilbod om temamøter på Teams frå partiet sentralt, der medlemmer kan delta. Her har leiinga og statsrådar delteke som innleiarar.

Gode erfaringar vert utveksla mellom kommunepartia og mellom styret i Vestland Arbeiderparti og lokalorganisasjonen med dei faste treffpunktene har.

Helsing frå leiar

Eg vil takka alle gode samarbeidspartar for det gode samarbeidet me har hatt i eit krevjande år. Fagrørsla og Bondelaget særskilt, men og alle gode krefter som har gitt innspel til politikken vår. Eg vil og takke styret, nye og gamle folkevalde, kommunepartia, partilaga og medlemane for den store, samla og gode innsatsen som vart lagt ned i valkampen. Det vart et krevjande år, der resultatet i kommune- og fylkestingsvalkampen ikkje vart slik me ynskja oss samla sett, men kor det og er på plass å gratulere alle som vant fram, trass ei vanskeleg valkamp for Arbeidarpartiet. No ser me framover, og styret har vedteke og iverksett fleire viktige satsingar når det gjeld organisasjonsbygging i året som ligg føre oss og programprosessen er godt i gang før Landsmøtet neste år. Godt årsmøte!

Marte Mjøs Persen

Vedlegg 1 Fylkestingsgruppa**Gruppestyret**

Gruppestyret har vore samansett slik:

2023, før ny valperiode:

Arve Helle (gruppeleiar)

Nina Bognøy

Kine Bratli Dale

Arve Helle har vore fungerande gruppeleiar ettersom Anne Gine Hestetun vart innvilga mellombels fritak 27.09.2022. Kine Bratli Dale har så fungert som medlem av gruppestyret.

Etter ny valperiode har gruppestyret vart samansett slik:

Stian Jean Opedal Davies (gruppeleiar)

Kine Brattli Dale (nestleiar)

Siri Sandvik

Gruppestyret etter valet har hatt 4 gruppestyremøter.

Haakon Kyrkjebø Nybø har vore tilsett som gruppesesekretær i 2023.

Grappemøter i fylkestingsgruppa:

Totalt 12 grappemøter i 2023. 5 har vore fysiske og 7 digitale.

Før fylkestingsvalet i 2023:

Mot slutten av forrige periode bar gruppa preg av store utskiftingar. Av dei 14 som kom inn i 2019 var 5 innvilga fritak då vi gjekk inn i det siste året i perioden. Også på varalista var det utfordringar med både fritak og flytting og vi hadde difor utfordringar med å stille fulltallig til fylkestinget. Som regel ordna det seg og stor takk til vara langt nede på lista som var fleksible og heiv seg rundt når dei vart innkalla, ofte på kort varsel.

Til tross for dette fungerte gruppa godt og vi sette vårt klare preg på arbeidet både i koalisjonen og fylkestinget.

Saman med koalisjonen leverte vi godt på den politiske plattforma som vart inngått i 2019 og kan såleis seie oss godt nøgde med den første perioden som Vestland.

Situasjonen etter fylkestingsvalet i 2023:

Valresultat og samansetting av fylkestingsgruppa

Kommune- og fylkestingsvalet var generelt sett ikkje eit godt val for Arbeidarpartiet nasjonalt. Vestland Arbeidarparti gjekk ned frå 14 fylkestingsrepresentantar til 12 etter valet i 2023. Vi gjekk ned 1,5% frå førre val til 19,7%, og mista posisjonen som fylkestinget sitt største parti. Høgre fekk 23,2%.

Til tross for dette, klarte posisjonen som styrt Vestland fylkeskommune å sikre eit fleirtal for vidare styring av fylkeskommunen. Posisjonen består av Ap, Sp, Sv, V, KRF og MDG. Fleirtalet er merkbart mindre med berre ein representant overvekt i fylkestinget.

Samarbeidspartia har inngått avtale om eit valteknisk og politisk samarbeid. Det er inngått ei politisk samarbeidsplattform som partia skal jobbe etter.

Etter forhandlingane, fekk Arbeidarpartiet fylkesvaraordførar, tre medlem i fylkesutvalet, hovudutvalsleiar i samferdsle og mobilitet, nestleiar i hovudutval for næring og nestleiar i kontrollutvalet.

Fylkestingsgruppa er samansett av dei faste representantane i fylkestinget, dei fire første vararepresentantane, AUF og ein representant frå styret i Vestland Arbeidarparti. Det har vore viktig at dei fire første vararepresentantane er ein del av gruppa, for å sikre at dei er involvert og klare til å tre til om dei må det. Dei fysiske gruppemøta har vore i samband med fylkestinga, og dei digitale har vore utanfor.

Fylkesutvalsfraksjonen er ei utvida gruppe med fylkesutvalsmedlemmene og fraksjonsleiarane, som har møte fast kvar veke. Etter ein del innkøyringstid, har fylkesutvalsfraksjonen no møter kvar fredag kl. 08:00-09:00.

Slik ser fylkestingsgruppa ut etter det konstituerande gruppemøtet:

| | Namn | Funksjon |
|---------|---------------------------------|---|
| 1 | Stian Jean Opedal Davies | Fylkesvaraordførar, gruppeleiar |
| 2 | Kine Bratli Dale | Fylkesutvalsmedlem, nestleiar i KULII, gruppenestleiar |
| 3 | Arve Helle | Hovudutvalsleiar SAMO |
| 4 | Karianne Torvanger | Fylkesutvalsmedlem, medlem i OPPKO |
| 5 | Espen Edvardsen | Medlem i OPPKO, fraksjonsleiar |
| 6 | Siri Sandvik | Nestleiar i Næring, fraksjonsleiar |
| 7 | Per Jarle Valvatne | Medlem i Næring |
| 8 | Nina Haug | Medlem i OPPKO |
| 9 | Arne Jæger | Nestleiar i kontrollutvalet |
| 10 | Marita Harkestad Oen | Medlem i KULII |
| 11 | Emil Tomasdard | Medlem i SAMO |
| 12 | Lillian Vangberg | Medlem i SAMO |
| 1. vara | Pål Adrian Clausen Ryen | 1. varamedlem til FT, 1. varamedlem til OPPKO og SAMO |
| 2. vara | Marie-Helene Hollevik Brandsdal | 2. varamedlem til FT, 1 varamedlem til KULII, 2. varamedlem til OPPKO |
| 3. vara | Endre Toft | 3. varamedlem til FT, 1. varamedlem til næring |
| 4. vara | Lisa Natalie Johnsen Lunde | 4. varamedlem til FT, 2. varamedlem til KULII, 2. varamedlem til næring |

Arbeid i fylkestingsgruppa

Det har vore fysisk gruppemøte i fylkestingsgruppa dagen før kvart fylkesting, og elles digitale fylkestingsgruppemøter når det er naudsynt.

Fraksjonane i dei ulike utvala har fraksjonsmøter internt i Arbeidarpartiet, og så møter med storfraksjonen (samarbeidspartia) før kvart utvalsmøte.

Gruppa har og vore involvert i partiorganisasjonen sine skuleringar, og presentert fylkeskommunen for nye folkevalde og dei sakane som har vore på dagsorden. Vi har og hatt eitt møte på teams kor alle gruppeleiarar og kommunepartileiarar har fått informasjon om budsjettprosess og andre relevante sakar.

Av politiske sakar verdt å nemne etter valet i 2023 er budsjettet for 2024. Budsjettet vart trongare enn før grunna auka renteutgifter på låna fylkeskommunen har, og auka generelt auka utgifter i samfunnet. Det har mellom anna ført til at alle ikkje-påbegynte investeringar har måtte utsetjast på ubestemt tid.

Til tross for dette, har vi mellom anna prioritert:

Oppretthalde kollektivtilbodet i Bergensområdet, og mesteparten i resten av Vestland.

Innført fleksibel reiserabatt på einskildbilletten til Skyss

Fjerna den øvre aldersgrensa på studentrabatten

Prisjustert kultur, idrett og inkludering med om lag 3,5%.

Styrka den kulturelle spaserstokken

Brukt 20 millionar kronar meir frå investeringsbudsjettet til undervisningsutstyr innan yrkesfag

Eg vil til slutt takke for den fantastiske innsatsen den førre fylkestingsgruppa har lagt ned i å setje fart på nye Vestland fylkeskommune. Arbeidet som har vore gjort dei første fire åra har skapt eit godt grunnlag for vidare arbeid i Norge sitt vakkreste og viktigaste fylke.

Eg takkar og for den fleksibiliteten, vilja og pågangsmotet til den nye fylkestingsgruppa. Det lovar godt for dei neste åra denne perioden.

Askøy, 13.03.2024

Stian Jean Opedal Davies,
Gruppeleiar

Vedlegg 2 Årsberetning AUF 2023





Årsberetning

AUF i Vestland 2023

INNLEIING

2023 er eit år som vil stå skrive i historiebøkene. Eit år prega av klimaendringar, uro, krig og konflikt. Desto viktigare har det vore med eit sterkt og tydelig AUF som tar opp kampen mot klimakrisen, kampen for fred og kampen for rettferd. Det var kommune- og fylkestingsvalg, og me i AUF i Vestland har diskutert politikk på innpst og utpst. Me har diskutert med kvarandre, med moderpartiet og ikkje minst med dei andre ungdomspartiene i skuledebattar. Det er blitt oppretta nye lokallag, og nye ildsjeler har vore med på å forme fylkeslaget vårt.

Det var ei blå bølge som skylte over landet vårt i 2023. For fyrste gong på 99 år tapte Arbeidarpartiet eit lokalvalg. På tross av forutsetningane har fylkeslaget stått på dette året - og kvar einaste dag i valkampen. Me var mange delegatar på årsmøtet i Førde, ein kjempefin gjeng på sommarleir, og me har besøkt alle dei vidaregåande skulane i fylket. Me må likefullt kunne sjå på AUF-året med eit kritisk blikk. Det er eit stort forbettingspotensiale i laget vårt, men det skal hvertfall ikkje stå på innsatsen AUFarane har lagt ned!

Tusen takk til alle som har vore ein del av AUF i Vestland i året som har gått. La oss halde fram med å løfte organisasjonen, bygge fellesskap og endre verda!

ÅRSMØTET 2023

Årsmøtet vart gjennomført 3.-5. februar i Førde. Me overnatta på Førde barneskule, og sjølvé møtet vart avholdt i kommunestyresalen på Førde rådhus.

Det var eminente Henrik Drivenes, Sandra Tenud, Sindre Hornnes, Solveig Grepperud, Håkon Einarsve og Torbjørn Vereide som leia oss trygt gjennom møtet med Haakon Nybø, Kristina Mari Roald og Nina Haug som referantar.

Som innleiarar og gjestar fekk me blant anna besök av generalsekretær i AUF - Jan Halvor Endrerud, leiar for HK Ung - Henrik Drivenes, fylkesordførarkandidat - Stian Jean Opedal Davies, stortingsrepresentantane Benjamin Jakobsen og Torbjørn Vereide, ungdomssekreter i LO - Sindre Hornnes og leiar i AUF i Møre og Romsdal - Jens Aklestad!

Me satt også av ein bokl i programmet til ein vitnesamtale om 22. juli, kor me fekk besök av RAFTO-stiftinga og støttegruppa, og fekk delta på deira nye undervisningsopplegg.

Det vart ein lang politisk debatt, med mange solide innlegg frå talarstolen. Debatten resulterte i to politiske program, distriktsprogram og program for psykisk helse, og ein uttalelse om studentpolitikk. Det vart også vedtatt fleire enkeltståande forslag. Helga var alt i alt veldig vellukka, med sosialt opplegg inn i mellom programmet.

Følgande vart valde inn i fylkesstyret for perioden:

Leiar Oda Medhus

Politisk nestleiar Noah Sellevoll

Organisatorisk nestleiar Ragnhild Kirkeluten

Skole og arbeid Phillip Tandberg

Miljø og klima Alexander Svendsen

Internasjonalt Inger Christin Barane

Feminisme, antirasisme og inkludering Naram Samman

Styremedlem Frida Selvik

Styremedlem William Hestad

Styremedlem Aksel Ringdal

Vara Tor Natvik

Vara Gabriel Østby

LANDSSTYREREPRESENTATAR

Oda Medhus (Ragnhild Kirkeluten er vara)
 Noah Sellevoll (Phillip Tandberg er vara)

UNGDOMSKANDIDATAR TIL FYLKESTINGET

Nina Haug og Endre Toft

SENTRALSTYRET

Sandra Tenud

ANSATTE

Nina Haug gjekk av som fylkessekeretær etter valgkampen 2023. Dette varsla ho tidlig, som gav oss tid til å finne ein god arvtakar. Før skulevalgkampen vart Frida Selvik ansatt som ny fylkessekretær, og var i opplæring under valkampen. Det fungerte veldig godt og gav oss ein ekstra ressurs under valkampen som var sårt trengt.

Me har hatt noken oppgraderingar på kontoret etter den tid, og blant anna kjøpt ein fylkessekretær-PC, som me hadde satt av pengar til i budsjettet.

KONTROLLKOMITÉ

Øyvind Slemdal (leiar)
 Paulina Sitarz
 Elida Slettum
 Reidar Fugle Nordhaug (vara)

VESTLAND ARBEIDARPARTI (VAP)

Me er glade for å ha hatt eit godt smaarbeid med VAP - både fylkesstyret, sekreteriatet, lokallagene og fylkestingsgruppa. Me har hatt god dialog gjennom året og AUF er representert i samtlige organ i Vestland Arbeiderparti. Me stiller tydelege forventningar og krav og er godt skulerte på talarstolen. Fleire i fylkesstyret og i lokallaga har deltatt aktivt på årsmøtet, representantskap, fagpolitisk samling, kvinnenettverk og andre arenaer partiet har arrangert.

Oda Medhus har representert AUF i Vestland i styret til Vestland Arbeiderparti og stilte med fulle rettigheter.

Me er takksame for eit godt samarbeid og ser fram til fortsetjinga.

FAGBEVEGELSEN

Det må vera lov å seie at AUF i Vestland leder an når det kjem til det fagpolitiske samarbeidet i AUF. Me har fått på plass fleire formaliserte samarbeidsplattformar med ulike forbund i LO, og er møtande i både LOs ungdomsutvalg og det fagpolitiske utvalet til VAP: Under sommarpatruljen i fjor bidrog AUF med mange dagsverk og fekk reist på mange bedriftsbesøk saman med dei andre ungdommane i LO. Det har vore endå eit godt LO-år i Vestland og me gler oss til å videreutvikla samarbeidet i 2024.

MEDIA

AUF i Vestland har vore ei tydeleg stemme i både lokale og regionale aviser i året som har gått, særleg under valkampen. Fleire lokallag har vore aktive med å skrive lesarinnlegg, gje intervju og vore aktive på sosiale media.

Tusen takk til alle som har bidratt med å uttale seg i media og å synleggjere AUF i året som har gått!

SOMMARLEIR

Det vart arrangert sommarleir 02. - 07. august på Utøya i 2023. Det var ein utruleg kjekk tur med gode skuleringar, kule innleiarar, bading, sosialt og gode diskusjonar. Vestland stilte med omrent 40 deltakrar, og det var ein utrulig fin gjeng som var med på tur!

REPRESENTANTSkap

Me avholdt to representantskap i 2023. Det første vart avholdt 28.-30. april i Bergen. Me hadde møtet på Folkets hus, og ordna Airbnb-overnatting til dei med lang reiseveg. På laurdagen hadde me faglegpolitisk temadag ilag med ungdommen i LO. Det vart spennande diskusjonar og masse kule innleiariar deriblant Arbeids- og inkluderingsminister Marte Mjøs Persen, Sekretær i LO, Are Tomasdard og fleire lokale profilar frå HK, Fellesforbundet, Fagforbundet og LO.

18.-19. november hadde me neste representantskap. Då var me på Voss og overnatta på Voss ungdomsskule. Me fekk besøk av Tuva Widskjold frå ICAN og nestleiar i AUF Gaute Børstad Skjervø, som hadde gode innleiingar. Vidare hadde me workshops og sofaamtale om internasjonal politikk, kor me fekk besøk av AUF-venn Bheki og LO-mann Arne Jæger, samt Gaute.

I tillegg til det faglege innhaldet har me diskutert politikk, og hatt det sosialt i lag. Det var godt oppmøte på begge representatskapene, og utrulig kjekt å bli kjent med nye AUFarar!

VALGKAMP

Året som gjekk var naturligvis prega av lokalvalget. Fylkesstyret satt tidleg ned eit valkamputval som skulle ha hovudansvaret for den operative delen av valkampen. I 2021 hadde me to valkamputval, ein for kvar valkrets, men dette var ikkje naturlig å ved kommune- og fylkestingsvalet.

Valkamputvalet (VKU) besto av følgande:

Oda Medhus (leiar)
 Noah Sellevoll
 Ragnhild Kirkeluten
 Marcus Hornnes
 Johanna Fond
 Phillip Tandberg
 Endre Toft
 Nina Haug

Utvalget vart sett ned av fylkesstyret og hadde eit par møter i planleggingsfasen, men det sklei fort ut. Dette er fyrste gong Vestland har operert med at fylkesleiaren òg er valkampleiar, noko me ynskjer å fråråde ved neste valkamp i 2025.

AUF var utan tvil ein essensiell del av valkampen ute i partilagene og me er utruleg fornøgd med innsatsen lokallaga våre har lagt ned i skulevalkampen - og valkampen for øvrig. Me beholdt posisjonen på fylkestinget, og fekk vår heilt eigne Stian Davies som fylkesvaraordførar, og ungdomskandidat Nina Haug på fast plass på fylkestinget. For fyrste gong på 99 år tapte Arbeiderpartiet lokalvalet, og AUF blei slått av Unge Høgre i skulevalgkampen etter å ha vore største ungdomsparti i 8 år. Likefullt gjorde AUFarane i Vestland ein heilt utmerka jobb. Me hadde flerie knallgode debattantar, to fylkessekretærar som fekk alt til å gå rundt, og nok sjåførar til å komma oss frå a til å i tide! Me nådde ikkje måla våre denne valkampen, men kvar og ein la ned ein formidabel innsats i valkampen, og me sit igjen med mange gode minner, og hadde ei veldig kjekk skulevalvake!

Evalueringen av valkampen i sin heilheit er eit eksternt dokument.

MEDLEMSITUASJONEN

Medlemstallet til AUF i Vestland frå 2023 er langt lågare enn det burde ligge på. Per 31.12.2023 hadde me 505 medlemmer uten å rekne med støttemedlemsskap. Inkludert støttemedlemsskap ligg me på nærmere 700 medlem. Dette kan skyldast ein veldig dårlig vårkampanje, og ein krevjande verveinnspurt. Det tok lang tid før me knakk koden, og då mysta me verdifull tid. Det blei lagt ned ein solid innsats med etterverving, men medlemstalet er fortsatt langt i frå der det skal ligge. Ein kan prøve å skulde på den blå bølga me ser i Noreg, men til sjuande å sist ligg dette på vår kappe.

Me ser lyst på det komande året, og har stort potensiale til å betre medlemssituasjonen!

ØKONOMI

Reknskapet for 2023 visar eit årsresultat på -20 536kr. Dette er betydeleg betre enn det budsjetterte resultatet på

- 34 000kr. Dette skyldast god økonomisk styring. Fylkesstyret har tatt hensyn til budsjettet og vore fokusert på å kutte kostnadene. Me har også søkt og fått støtte frå både Handel og Kontor og Felles forbundet avdeling 5.

I utgangspunktet skulle me ha skifta til eit anna reknskapssystem i år. Det reknskapssystemet er mykje dyrare, men me er pålagt å bytte etter eit nasjonalt vedtak om at alle fylkeslag skal gå over til samme økonomisystem. På grunn av därleg råd søkte me om dispensasjon, og fekk det innvilga etter eit godt stykke arbeid som vart lagt ned i det.

Likviditeten har vore utfordrande til tider, noko ein burde ta meir hensyn til i året som kjem, for å sørge for forutsigbarhet og stabilitet i 2024.

Det komande året ser lysare ut. Kontorutgiftene til AUF i Vestland kjem ikkje til å auke, og satsen for statsstøtte har auka betrakteleg. Om ein held fram med god økonomisk styring vil 2024 vera eit stabilt år, økonomisk sett, med det gode utgangspunktet frå 2023.

AVSLUTNING

AUF i Vestland ynskjer å takke alle sine medlemmar og tillitsvalgte for eit utruleg godt og sterkt arbeid i året som har gått. Det er deko som er grunnen til at AUF i Vestland går rundt og at det er kjekt å vera med i AUF. Utan deko ville me ikkje vere eit fylkeslag, og fylkesstyret set utruleg stor pris på innsatsen som er lagt ned.

Me takker så mykje for året som har gått og gler oss til å stå på og bygge organisasjonen endå sterkare i året som kjem. No skal me brette opp armane!

Tusen takk for eit krevjande, innhaldsrikt og spennande år!